

Byggadministrasjon Harald Bjørndal as
Postboks 103
5649 EIKELANDSOSEN

Dato: 10.10.2018
Vår ref.: 2018/14084-3
Saksbehandlar: erlhoge
Dykkar ref.:

Fråsegn til varsel om utviding av plangrense for detaljregulering FV 123 for parkering og anlegg på Holdhus - Fusa kommune

Vi viser til brev datert 11.09.2018 om utviding av planområde for parkering og anlegg ved Holdhus kyrkje. Tiltakshavar er Fusa Utviklingselskap/Fusa kommune. Heimelshavar er gnr./bnr. 48/1 med fleire.

Hordaland fylkeskommune vurderer endringsmeldinga ut i frå fylkeskommunen sitt sektoransvar og målsetjingar i regionale planar.

Vurdering og innspel

Kulturminne og kulturmiljø

Viser til tidlegare framlegg til planområde fra 2009, kartforslag datert 08.01.2014, vårt brev av 27.01.2014, samt referat etter synfaring 12.03.2014 der Riksantikvaren, Fortidsminneforeningen, Hordaland fylkeskommune, Fusa kommune, Byggadministrasjon Harald Bjørndal AS, grunneigar og representant frå Hålandsdalen leirskule deltok.

Det no framlagde planområdet er både utvida og innskrenka i høve til tidlegare forslag frå 2009. No er Holdhus kyrkje teke ut av planområdet, men planområdet går likevel frå sør mot nord like vest for kyrkja. Viser her til utdrag av referatet etter synfaringa 12.03.2014 der ein såg på moglegheitene i høve til kart med forslag til regulering datert 08.01.2014. Dette gjeld spesifikt området ved Holdhus kyrkje:

«Harald Bjørndal orienterte innleiingsvis om bakgrunn for skisse til vegløyning ved Holdhus kyrkje dagsett 3. januar 2014. Hordaland fylkeskommune har i brev av 27.1.14 sagt at framlegg til ny vegløyning er i konflikt med nasjonale kulturminneinteresser og varsla at dei vil fremja motsegn om denne løysinga vert fremja i endeleg framlegg til reguleringsplan. Dette vart teke opp att under synfaringa frå fylkeskommunane si side. Arkeolog Lars Øyvind Birkenes sa at ein ny veg så nær kyrkja også vil innebera krav om omfattande arkeologiske granskingar og dermed store kostnader for Fusa kommune. Det vart konkludert med at denne løysinga bør leggjast bort. Dei frammøtte gjekk gjennom området som i skisse av 3.1.14 er tenkt avsett til servicebygg, parkering og rundkøyring for bussar. Frå fylkeskommunen kom det fram at ein kunne sjå på løysingar for dette føremålet innanfor det arealet som går fram av skissa. Dei ba då om at det blir arbeidd fram alternative grep, der ein enten byggjer seg inn mot eksisterande bygningsmasse; "hotellet" og skulemuseet, eller trekker seg inn mot grensa til naboeiegedomen og i le mot terrengformasjonane. Generelt ønskjer ein å skipla kulturlandskapet så lite som råd og gjera nye funksjonar så lite arealkrevjande som råd. Ein må då vurdere nøye behovet for parkering og logistikk for busstrafikk. Ein gangveg mot kyrkja må i størst mogeleg grad verta lagt opp-på terrenget utan gravarbeid. Det er ikkje aktuelt å gjera fysisk inngrep ved kyrkjegard og kyrkje for stetta krav om universell utforming. Ein bør vurdere om det er enkelt mobilt utstyr som kan vera til hjelp for menneske med nedsett funksjonsevne. Etter synfaringa, der ein også

var innom kyrkja, vart det eit oppsummerande møte på Hålandsdalen leirskule. Her samanfatta Inger Lena Gåsemyr frå HFK erfaringane frå dagen og presiserte at Fusa kommune som planeigar må syta for god medverknad i reguleringsprosessen med interessentane i planområdet og særleg sikra ein god dialog med kyrkjeieigar Fortidsminneforeningen».

Vi meiner at det er sers viktig at ein i det vidare planarbeidet tek høgd for det som ein kom fram til etter synfaringa i 2014 og at nye forslag ikkje er i strid med nasjonale føringar.

Samferdsel

I planområdet er det haldeplass og snusløyfe for buss, og det er viktig å sette av tilstrekkeleg med plass til kollektivtrafikken i detaljreguleringa. Ved eventuelt større endringar av plassering og utforming av kollektivtilbodet ber vi om at dette skjer i dialog med HFK/Skyss.

Meir informasjon

Meir informasjon om plantema, rettleiarar og statistikk/kart kan ein finne på nettsidene våre www.hordaland.no/plan/startpakke.

Oppsummering

Hordaland fylkeskommune ber om at det vert gjort ei ny vurdering i det vidare reguleringsarbeidet slik at nye forslag ikkje kjem i strid med nasjonale føringar.

Det vil verte viktig å syta for god medverknad i reguleringsprosessen med interessentane i planområdet og særleg sikra ein god dialog med kyrkjeieigar Fortidsminneforeningen.

Vi ber også om at det vert sett av tilstrekkeleg med plass til kollektivtrafikken i detaljreguleringa. Om det vert større endringar ved plassering og utforming av kollektivtilbod, ber vi om at dette skjer i dialog med oss eller Skyss.

Eva Katrine R. Taule
fagleiar kommunal plan

Erlend Jacobsen Høgestøl
saksbehandlar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.
Saksbehandlar:

Erlend Jacobsen Høgestøl, Seksjon for plan - REG AVD

Lars Øyvind Birkenes, fylkeskonservatoren

Gunhild Raddum, Samferdsel

Kopi til:

Fusa kommune

Fylkesmannen i Hordaland